# Meland kommune

Cardo 8614 AS
Øvre Blekeveien 20
5003 BERGEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: | Tore Johan Erstad | 27.08.2018 |
| Vår: 18/1874 - 18/17744 | tore.johan.erstad@meland.kommune.no | |

## GBNR 15/6 - Søknad om dispensasjon - Orientering om vidare behandling av søknad

Administrasjonen viser til søknad om dispensasjon for frådeling av inntil 3 bustadtomter på Hopland motteke 12.07.2018. Vidare blir det vist til tilleggsinformasjon motteke 07.08.2018.

Det er søkt om dispensasjon for frådeling av tre bustadtomter:

Situasjonskart:




KPA:



Markslag, AR5:




Alle tre tomtene er i strid med ulike reglar i kommuneplanen sin arealdel, slik at det vil være krav om dispensasjon:

- Forbodet mot å bygge på samanhengande innmarksbeite, føresegn 3.2 til KPA
- Kravet til minste tomtestørrelse i KPA føresegn 1.6.14 (650 m² for einebustader)
- Tomt B ligg delvis utanfor spreidd-område og krev dispensasjon frå arealformålet LNF
- Alle eigedomane krev i tillegg løyve til omdisponering etter jordlova § 9

Administrasjonen orienterer om ovannemnde og anbefaler at tiltakshavar forsøker å tilpasse søknaden slik at det ein søkjer om kjem i samsvar med kommuneplanen i størst mogleg grad. Utfallet av dispensasjonsbehandling er erfaringsmessig usikkert, og administrasjonen kan ikkje spekulere i dette.

Vi gir høve supplering/endring av dispensasjonssøknaden innan **07.09.2018**. Saka vil deretter blir sendt på høyring.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Anny Bastesen<br>sektorsjef teknisk | Tore Johan Erstad<br>Juridisk rådgjevar |

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Cardo 8614 AS | Øvre Blekeveien 20 | 5003 | BERGEN |
| Heineken Eiendom AS | Litlevågsbrotet 9 | 5913 | EIKANGERVÅG |